

## OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref	Deres ref	Saksbehandler	Dato
2023/884-45		Eldri Siem 90993858	03.11.2023

### Ny Stortingsmelding om flaum og skred – innspel

Sel kommune syner til innlegg i samband med innspelsmøte den 27. oktober 2023 på Hamar, og ønskjer å kome med ytterlegare innspel til ny Stortingsmelding om flaum og skred.

Med dei klimaendringane vi registrerer nå, er det svært viktig å få på plass ei ny Stortingsmelding som tek innover seg kva for utfordringar vi står framfor.

I Sel kommune har vi dei siste 10-15 åra stadig oftare vorte utsett for flaum- og skredsituasjonar. Nå sist under ekstremvêret "Hans" der vi på grunn av fare for skred måtte evakuere 200 bustadhus og ca. 425 personar i overkant av ei veke. Sjølv om kommunen gjennomførte mange tiltak, og var særskilt godt førebudd på dei store nedbørsmengdene under uvêret, vart det likevel omfattande skadar i kommunen. Men vi erfarte at det som alt er gjort av sikringstiltak, var til god hjelp nå under ekstremvêret i starten av august.

Otta, som er kommunesenteret og regionsenteret i Nord-Gudbrandsdal, ligg i elvemøtet mellom Gudbrandsdalslågen og Otta-elva. Kommunesenteret er svært flaumutsett, og dette gjer at Sel kommune over mange år har hatt eit stort fokus på beredskap og førebyggjande arbeid.

NVE og Sel kommune er nå i gang med eit omfattande plan- og reguleringsarbeid med tanke på å få gjennomført flaumsikring av Otta sentrum.

Så til nokre innspel:

#### **Førebyggje i staden for å reparere**

Det er godt kjent at det er billigare å førebyggje enn å reparere. I forslag til Statsbudsjett 2024 er det lagt inn ein auke på 70 millionar til NVE til gjennomføring av sikringstiltak. Dette er på langt nær nok, og NVE sine budsjett må styrkast vesentleg. Gjerdrumutvalget har skissert eit behov for kr 1,5 milliardar til sikringstiltak. Vi som kommunar, er avhengige av at NVE har økonomiske rammer både til å tilsette fleire fagfolk og til gjennomføring av sikringstiltak, dette slik at storsamfunnet i neste omgang skal spare store kostnader.

#### **Distriktsandelen – nåverande ordning er til hinder for gjennomføring av tiltak i fleire kommunar**

Kommunane må setjast i økonomisk stand til å gjennomføre sikringstiltak mot flaum og skred/ras. Den kommunale eigenandelen på 20 % må derfor reduserast betydeleg

<b>Postadresse:</b> Botten Hansens gate 9 2670 OTTA	<b>Besøksadresse:</b> Botten Hansens gate 9, 2670 Otta	<b>E-post:</b> postmottak@sel.kommune.no <b>Nettside:</b> <a href="http://www.sel.kommune.no">www.sel.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 61700700 <b>Org.nr:</b>
--	--	---	--

og helst ned i 5%. Med ein eigenandel på 20 % av kostnaden vil viktige sikringstiltak ikkje blir gjennomførbart som følgje av avgrensa økonomisk handlefridom. Nå er det viktig at Regjering og Storting tek kraftfulle grep, slik at kommunane kan få sikra eksisterande bygningar og infrastruktur med tanke på klimaendringar som vi opplever i dag, og som vil koma i framtida.

#### **Oppgradering der det kan vere aktuelt ved utbetring av skadar etter flaum/skred**

I samband med utbetring av skadar etter flaum og skred må det kunne opnast for oppgradering til ein betre standard og ikkje berre reparere attende til slik det var før skaden.

#### **NVE må også sikre dyrka mark**

Med tanke på framtidig norsk matproduksjon og beredskap må NVE også få i oppdrag å sikre dyrka mark.

#### **Statsforvaltaren si viktige rolle i krisesituasjonar**

Statsforvaltaren Innlandet hadde ei svært sentral rolle i å koordinere møte mellom kommunar, NVE, geologar m.fl. under uvêret "Hans". Dette sikra kommunane god informasjon og gjorde at vi kunne handtere den krevjande situasjonen. Vi må også i framtida forvente nye situasjonar med ekstremvêr. Det er difor viktig at Statsforvaltaren saman med kommunane held på eit tett samarbeid også i periodane mellom dei ulike hendingane.

#### **Andre viktige aktørar**

Sivilforsvaret, politi, Røde Kors, brannmannskap og HV har viktige roller i kritiske situasjonar som må synleggjerast i ei ny Stortingsmelding. I tillegg er lokale lag og foreiningar særsla sentrale i lokalsamfunnet saman med innbyggjarane for å kunne stå saman i kritiske hendingar.

#### **Kart**

Kommunane har ei viktig rolle i beredskapsarbeidet gjennom si planlegging. For at dei skal vere i stand til å ta dei rette avgjerder, er det viktig med gode faresonekartleggingar og "aktsomhetskart".

#### **Fagkompetanse**

Mange kommunar i Norge har små fagmiljø. Som innbyggjar skal ein vere sikker på at ein vil få dei same råda, rettleiingane og vedtak uavhengig av kva kommune ein bur i. Det bør vere eit nasjonalt ansvar å sørge for gode fagmiljø med rett kompetanse.

#### **Statsforvaltaren – skjønnsmiddel**

Det er svært viktig at Statsforvaltaren får tildelt skjønnsmiddel, slik at kommunane får dekt sine kostnadar. Kommunane har store kostnadars med flaum og skred som ikkje blir dekt av forsikringsordninga. Vidare bør kommunane sin eigenandel pr. innbyggjar reduserast.

Med hilsen

Eldri Siem  
*Ordførar*